

SOGA OM

ÉGIL SKALLAGD

I EIN VERSJON AV MORTEN
OMSETJING:



**DET
NORSKE
TEATRET**

Med

HANS RØNNINGEN

AUDUN SANDEM

KAIA VARJORD

ESPEN LØVÅS

JANNE HELTBERG

ØYVIN BERVEN

Regissør **MORTEN CRANNER**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **HEDDA RØNNEBERG**

Sceneansvarlege **PELLE DENGSØ OG TRYGGVE ILDAHL**

Kostymekoordinator **KITTY RIEGE OTTERHOLT**

Rekviseitkoordinator **ÅSE-BERIT LITLESKARE**


Norrønkonsulent **ARNE TORP**

PREMIERE 5. NOVEMBER 2015 PÅ SCENE 3

Dei viktigaste kvada er henta frå Islendingesagaene *Soga om Egil Skalla-Grimsson*, omsett av Erik Simensen (Saga Forlag 2014) og *Egilssoga*, omsett av Leiv Hegstad (Samlaget 1978)

SOGA OM EGIL SKALLAGRIMSSON

I EIN VERSJON AV MORTEN CRANNER
OMSETJING: OLA E. BØ



SOGA OM EGIL SKALLAGRIMSSON

Islandingesagaen om Egil går føre seg ein gong på 800 eller 900-talet, og er mest truleg skriven ein gong før 1240. Somme meiner det er Snorre Sturlason som står bak, men ingen veit sikkert. Soga blir rekna som sjølve meisterverket mellom dei islandske ættesogene.

Hovudpersonen Egil er ein galning. Men han er også ein gudbenåda skald. Karakteristisk for Egil er at han skaper kvada sine der og da. Her kjem kjenslene til overflata, og det er dette som gjer Egil til ein motsetnadsfylt og interessant karakter.

Handlinga tek til i Noreg, der vi møter bestefar til Egil, Kvedulv, og dei to sørene hans; den lyse Torolv og den mørke Skallagrim. Alle menn i slekta er anten lyse, vakre, greie og samarbeidsvillige, eller mørke, stygge, ville og hemngjerrige.

På denne tida driv Harald Hårfagre og samlar Noreg til eitt rike. Han innfører verneplikt og tøffe skattar og det blir naud og stor politisk uro i landet. Torolv og Skallagrim blir skattelagde hardare enn andre, og dei to brørne startar eit opprør mot kongen.

Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS




Facebook: detnorsketeatret

Twitter: @detnorsketeatre

Instagram: #detnorsketeatret

www.detnorsketeatret.no

BILLETTLUKA: 22 42 43 44



Torolv blir drepen, men Skallagrim held fram med å kjempe, til han blir nøydd å fly landet. Han er lyst fredlaus og dreg til Island.

I Borgarfjorð blir Skallagrim høvding, og får to søner; Torolv og Egil. Torolv er den lyse typen, Egil er av det mørke slaget. Som ung dreg Egil til Noreg, og ryk straks uklar med Hårfagre-sonen, Eirik Blodøks. Da han mange år seinare seglar på grunn utanfor England, blir han ført fram for Blodøks, som han i mellomtida hadde reist nidstong mot. For å berge livet, må han diktte eit hyllingskvad til kongen. I staden for å velje ein ærefull død, vel Egil å diktte seg fri og berge skallen sin med det kjende kvadet *Hovudløysen*.

Egil fører eit omflakkande liv etter dette, men alt tek ei dramatisk vending når han mistar sonen Bodvar, som druknar på sjøen. Han stenger seg inne og vil verken ete eller drikke. Men dottera Torgerd får til slutt lokka han fram, og han skriv kanskje sitt finaste dikt, *Sonetapet*, over den døde sonen.

Lenger følgjer ikkje vi denne handlingsmøtet saga om diktaren, vikingen og det samansette mennesket... Egil Skallagrimsson.



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

Soga om Egil Skallagrimsson i ein versjon av Morten Cranner



16g113367

